



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 08.03.2022  
**Møtestad:** Sosiale rommet i Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 15:00 - 16:00

Møte i partssamansett utval i samband med rekruttering av ny kommunedirektør. HTV Fagforbundet Elin Solbakk og HTV Utdanningsforbundet Yaroslav Borisov var kalla inn for dei tilsette, men kunne ikkje møte.

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Olav Mongstad

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
019/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
020/22	Godkjenning av møtebok
021/22	Ope eller lukka møte i utvalet
022/22	Vidare arbeid med tilsetjing av kommunedirektør
023/22	Orientering frå ordførar

**019/22: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Formannskapet 08.03.2022**

**Behandling:**

**F - sak 019/22 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**020/22: Godkjenning av møtebok**

**Formannskapet 08.03.2022**

**Behandling:**

**F - sak 020/22 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte i partssamansett utval vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**021/22: Ope eller lukka møte i utvalet**

**Formannskapet 08.03.2022**

**Behandling:**

**F - sak 021/22 Vedtak:**

Sak 2022/22 om vidare arbeid med tilsetjing av kommunedirektør vert lukka etter §11-5 i kommunelova.

Samrøystes vedteke.

---

## **022/22: Vidare arbeid med tilsetjing av kommunedirektør**

### **Formannskapet 08.03.2022**

#### **Behandling:**

Møtet vart lukka i denne saka, sjå F-sak 021/22.

Ordførar refererte om forhandlingane og krava frå søkjar som vart tilrådd i førre møte. Etter ein diskusjon vart utvalet einige om å sjå bort frå vedkomande som kandidat vidare.

Utvalet diskuterte om prioritering mellom dei to neste kandidatane. Ordførar har sjekka ut ein del referansar.

#### **F - sak 022/22 Vedtak:**

Ordføraren arbeider vidare med avtalt kandidat etter diskusjonen i utvalet. Vedkomande vert kalla inn til intervju anten onsdag 16.3 eller torsdag 17.3 i neste veke.

Samrøystes vedteke.

---

## **023/22: Orientering frå ordførar**

### **Formannskapet 08.03.2022**

#### **Behandling:**

Først i møtet orienterte ordførar at Fedje har fått generell førespurnad om å ta i mot flyktingar frå Ukraina.

Når det gjeld kommunale hus, treng kommunen nokre i samband med pågåande tilsetjingar. Kommunen vil prøve å få leige nokre andre hus. Ordføraren vil prøve å få leige hytter/hus på den private marknaden.

Førebels har ordførar fått positiv respons frå folk som har hus ledig.

Formannskapet var enig i at ordføreren arbeider vidare med saka.

**F - sak 023/22 Vedtak:**

Ingen vedtak i saka.

---